

• Politikk



Landbruket etter Framsteget

Skepsisen i næringa var stor då Frp overtok Landbruksdepartementet. Fire år seinare er landbrukspolitikken blitt meir synleg og meir debattert enn før.

Då Framstegspartiet overtok Landbruksdepartementet i 2013 skreiv Nationens politiske redaktør Kato Nykvist at no var reven slept inn i hønsegarden. Med Sylvi Listhaug som landbruksminister vart landbruket langt meir synleg. Landbruksnæringa er blitt endra. Det er også den landbrukspolitiske debatten.

– Frp og Høgre har ikkje hatt same interesse som før av å snak-

ke om overføringar til bøndene, seier Aslak Bonde, som kommenterer politikken for Morgenbladet.

I vår enda jordbruksoppgjering er ei langvarig tautrekking på Stortinget.

– Opposisjonen har stått bak det vi må kalle eit opptrappingsvedtak for landbruket, seier Bonde.

Agrianalyse sin kandidatundersøking viste at kandidatane frå Høgre og Framstegspartiet

viste ein sterkare interesse enn før for landbruket.

– Men det er ikkje sagt at dei tenkjer annleis om politiske løysingar, seier dagleg leiar Christian Anton Smedshaug i Agrianalyse.

Han påpeikar at det landbrukspolitiske engasjementet er blitt sterkare i fleire parti.

– Både Arbeidarpartiet, KrF og også MDG har vist ei fornya interesse for landbruket, dei kjem i tillegg til Senterpartiets permanente interesse for saksfeltet, seier Smedshaug.

Samla næring

– Denne våren har det vore ei be-

tydeleg merksemd om jordbruket og skogbruket. Vi har lykkast med å gjere landbruket til meir enn ei bondesak. Det som var bra i vår, var at vi både greidde å oppnå politiske resultat på Stortinget og at vi klarte å ha ein dis-

kusjon som dei viktige sidene av landbrukspolitikken, seier Geir Pollestad, stortingsrepresentant for Senterpartiet.

Han seier landbruket er meir samla i dag enn for fire år sidan.

– I starten forsøkte Sylvi List-

Landbruk

«Vi har lykkast med å gjere landbruket til meir enn ei bondesak.»

Geir Pollestad, Senterpartiet





Synleg: Med Sylvi Listhaug som landbruksminister vart landbruket langt meir synleg. Foto: Mariann Tvette

gspartiet

haug å sette ulike grupper opp mot kvarandre. Det lukkast ho delvis med. No opplever eg at landbruket står sjeldan godt samla, seier Pollestad.

Vil snakke bioøkonomi

Direktør Ola Hedstein i Norsk Landbrukssamvirke vil at diskusjonen om landbruk skal handle om meir enn situasjonen for den enkelte bonden.

– Eg synest ikkje vi har lykkast med å få gjennomslag for å snakke om landbruket som den største fastlandsindustrien i Noreg og som ein nøkkel til framtidig systemsetting i Noreg. Det er 100.000 arbeidsplassar knytt til landbru-

ket. Deter også viktig å snakke om landbruket som del av eit berekraftig lavutslippssamfunn.

– Landbruket sjølv snakkar meir om akkurat det?

– Eg har hatt denne jobben sidan 2012. Vår forståing av kva strategiske utfordringar vi står overfor har endra seg kraftig sidan då. Den store forandringa kom i 2014. Då byrja det tvinge seg fram ei reell forståing om at oljesektoren kjem til å bli mindre viktig i norsk økonomi framover, og om at det vil komme klimaendringar som vil få konsekvensar for verdas framtidige evne til å produsere mat. Vi har blitt meir bevisste om at landbruket er ei



På gardsbesøk: Erna Solberg helsar på ku under besøk på Rustad gard. Foto: Mariann Tvette



Meir interesse: Mange parti har fått fornya interesse for landbrukspolitik i denne Stortingsperioden. Her tar KrFs landbrukspolitkar Line Henriette Hjemdal selfie med Per Skorge, generalsekretær i Norges Bondelag. Foto: Siri Juell Rasmussen



På landet: Arbeidarpartileiar Jonas Gahr Støre på besøk på Berg gard. Foto: Benjamin Hernes Vogel

– Tydelegare skiljeliner

– Eg har aldri sett så mange lesarbreve om sakene våre nokon gong, seier Per Skorge i Bondelaget.

Som generalsekretær i Bondelaget arbeider Per Skorge med å sette landbrukssaker på dagsorden kvar dag. Det siste året har det vore langt lettare enn elles.

– Under denne regjeringa har det vore store skiljeliner mellom regjeringas landbrukspolitik og fleirtalet på Stortinget. Det har gjort at det har blitt kraftfulle diskusjonar rundt landbrukspolitikken, og det har bidrege til å skape interesse, seier Skorge.

Ifølgje Skorge har den auka merksemda gitt bondelaget betre rom for å fremje sakene sine i det offentlege ordskiftet.

Markante politikarar

Markerte politikarar som Knut Storberget i Arbeidarpartiet, Line Henriette Hjemdal i KrF og Gunnar Gundersen i Høgre har også vore med på å gjere landbrukspolitiske diskusjonen meir synleg for fleire.

– Landbruket har ein plass i sentrum/periferi-konflikten og i distriktsopprøret som vi har sett i vår. Det har også vore med på å forsterke interessa for landbruket, seier Skorge.

Endra høgreside

– Agri Analyses kandidatundersøking viser at Høgre- og Frp-kandidatane har auka interesse for norsk landbruk?

– Vi veit at det er ei sterk støtte i befolkninga til å bruke pengar på landbruket. Det er godt å sjå at dei borgarlege partia kjem etter. Men vi ser sjølv sagt fram til at denne halding skal bli materialisert i realpolitikk. På det feltet har vi ein lang veg å gå, seier Skorge.

Ny politikk

– Ei positiv haldning til mat og matproduksjon må bli spegla i den politikken som blir ført. Det som er bra og spesielt med norsk landbruk er at vi driv småskala landbruk med god dyrehelse i eit land langt mot nord. Då må vi føre ein politikk som gjer at vi får meir av det, ikkje mindre, seier Skorge.

fornybar næring, seier Hedstein.

Ingen alternativ

Tidlegare landbruksforskar Svann Arne Lie gler seg over fornya interesse for norsk landbruk.

– Detsomers synd er at det verkar som om det ikkje finst nokon alternativ. Eg var med på å arrangere ein debatt her på Fåvang. Vi prøvde igjen og igjen å utfordre Senterpartiet og Arbeidarpartiet på om dei ville stoppe Frp si galskapssubsidiering av stordrift. Men det vil dei ikkje. Problemet slik eg ser det er at det ikkje finst alternativ, seier Lie.

Astrid Sverresdotter Dypvik
astrid.dypvik@nationen.no

Fakta

Landbruk og merksemd

- I mediebyrået Retrievers analyse av den lange valkampen sto distrikts-, landbruks- og fiskerisaker utgjør for 16 prosent av sakene som vart publisert i norske medium.
- Det var meir enn store tema som skule, utdanning og forskning, skattar og avgifter og helse.
- Rapporten var laga av senter for politisk kommunikasjon ved Universitetet i Oslo.

KJELDE: RETRIEVER



Merkar interessa: Per Skorge i Bondelaget. Foto: Siri Juell Rasmussen